

# Ål Utvikling AS



## **Visjon:**

Maksimal nyskaping og utvikling av næringslivet i Ål.

## **Forretningsidè:**

Selskapet skal vera eit samarbeidsorgan som skal ha som målsetting å synleggjere og fremje kvalitetane i Ål-samfunnet.

## **Mål:**

Styrke næringslivet og gjere Ål til ein betre kommune å bu, arbeide og feriere i. Ha særleg fokus på tiltak som har mykje å seie for verksemder og generell næringsutvikling.

15.04.11. kgk

# Litt om drifta og det å være aksjonær i Ål Utvikling AS



- **Alle som er interessert i å utvikle Ål – samfunnet skal kunne teikne aksjar i selskapet.**
- **Ein aksje kostar kr. 1.000,-. Aksjekapitalen består av 327 aksjar fordelt på ca. 140 aksjonærar. Kvar aksjonær betalar eit årleg marknadstilskott. Størrelsen på dette avheng av bransje og netto omsetnad siste likningsår.**
- **Deltaking i temakampanjar og enkeltprosjekt kjem i tillegg til marknadstilskottet, og kvar enkelt aksjonær tek avgjerd om deltaking.**
- **Ål Utvikling har to tilsette, dagleg leiar Kari Grete Kleivstøl og medarbeider på turistinformasjon Bente Diamantopoulos, totalt 2 årsverk.**
- **Styret i Ål Utvikling AS består av fem medlemmar frå ulike bransjar: Sigurd Tveito (styreleiar), Astrid Sonerud (handel), Kåre Berg (reiseliv), Erlend Medgard (øvrige nær.liv), Åge Ødelien (kommunen sin repr.)**
- **Årleg omsetnad er vel kr. 2.000.000. Ål Kommune bidreg med ca. 50 % til drift av turistinformasjonen og marknadsføring av Ål. Ca 5 % er salsinntekter/provisjonar og ca 45 % er marknadstilskott frå aksjonærane.**

# Målsettingar / arbeidsoppgåver for Ål Utvikling AS



- **Drive Ål Turistinformasjon/ Ål Booking og drive marknadsføring av Ål, nasjonalt og internasjonalt, for gjennom det å auke etterspørselen etter varer og tenester i Ål. Samarbeide Hallingdal Reiseliv og dei andre destinasjonane i Hallingdal om felles tiltak for Hallingdal.**
- **Organisere skiløypenettet i Ål.**
- **Utvikle, tilrettelegga og marknadsføre tilbod som Ål-samfunnet har, med sikte på at auka kjennskap og aktivitet vil styrke næringslivet. Dette for å gjere Ål til ein endå betre kommune å bu og arbeide i, feriere i og være hytteeigar i.**
- **Samarbeide med verksemder/organisasjonar og være med som koordinator i planlegging, tilrettelegging og gjennomføring av arrangement og aktivitetar. For eksempel Ål-dagen, kurs/ konferansar og liknande.**

# Målsettingar / arbeidsoppgåver for Ål Utvikling AS



- **Være ein felles organisasjon for næringslivet i Ål og bidra til auka informasjon og kompetanse i næringslivet. Være pådrivar i saker som næringslivet ser er viktig, f. eks. samferdsel og rammevilkår.**
- **Ha god kontakt med handelsstanden, reiselivet, industri/bygg-anleggsbransjen samt anna næringsliv i Ål - diskutere felles mål, tiltak og utfordringar.**
- **Bidra til å ivareta næringslivets interesser opp imot kommunale planer ved å være ein høyringsinstans. Være "brubyggar" og aktiv pådrivar i samarbeidet mellom næringslivet og mellom næringslivet og offentlig sektor.**
- **Delta i prosjektarbeid ved større utviklingsplanar og bl.a. være representant for næringslivet i ulike prosjekt i Ål. Dagleg leiår møter i Ål Næringsstyre og deltek i arbeide med Profil-omdømmebygging for Ål. Er prosjektansvarleg og ein av prosjekteigarane for satsinga "Arrangementskoordinator i Ål"**